



Dato:	704 17/10-11
Saksnr:	201102421-052

Barne- likestillings- og integreringsdepartementet  
Postboks 8036 dep.  
0030 OSLO

Oslo, 13.10.11

### **Høringsvar frå Unio - NOU 2011:14 Betre integrering**

Integrering av innvandrarak har i mange år vore ei viktig sak på den politiske agendaen i Noreg. Integrering av innvandrarak er sett på som avgjerande for å sikre sosial utjamning og å nå regjeringa sitt mål om å gjere Noreg til det "mest inkluderende samfunn i verden."

*NOU 2011:14 Bedre integrering* er etter Unio si vurdering ei grundig og omfattande utgreiing av integreringspolitikken og integreringsarbeidet i Noreg. Fleire offentlege utgreiingar har dei siste åra omhandla tilstøytande problemstillingar, men med denne utgreiinga er det for første gong presentert framlegg til ein heilskapeleg og samanhengjande integreringspolitikk.

Hovudmålet i integreringspolitikken vert i utgreiinga vridd frå like mulegheiter til like resultat. Utvalet meiner dette representerer eit fokusskifte der det kjem tydeleg fram at det er resultatane som tel. Bakgrunnen for denne tilnærminga er at utvalet meiner at det tidlegare målet om like mulegheiter for integreringspolitikken i Noreg, "i hovedsak er oppfylt."

Hovudutfordringa i integreringspolitikken i dag er, i følge utvalet, dei svake resultatane og dei dokumenterte skilnadene på fleire samfunnsområde mellom innvandrargruppene og innbyggjarane elles. Utvalet har valt avviksanalyse som tilnærming, og både utdanning, arbeid og politisk deltaking er område der det er muleg å seie noko om korleis innvandrarak gjer det i høvet til innbyggjarane elles.

Unio er samd i at det er svært viktig å ha eit sterkt fokus på resultatane og verknadene av dei tiltaka som vert nytta i integreringspolitikken, og at desse tiltaka må kunne justerast og tilpassast etter nye utfordringar og ny kunnskap på området, blant anna gjennom offentlege utgreiingar. Vi er likevel overraska over kor langt utvalet går når dei konkluderer med at målet om like mulegheiter i integreringspolitikken i hovedsak er oppfylt. Det finst fleire strukturelle hindringar i det norske samfunnet for å oppnå ein likskap i mulegheiter mellom innvandrarak og innbyggjarane elles. Her er der framleis ein stor jobb å gjere på mange plan.

Unio er samd med både inkluderingsutvalet og velferds- og migrasjonsutvalet (NOU 2011:7) når dei peikar på at høg yrkesdeltaking er avgjerande for at den norske velferdsmodellen skal vere berekraftig, Ambisjonane om eit meir inkluderande og berekraftig samfunn føreset målretta strategiar og ei effektivisering av integreringstiltaka. Vi meiner likevel at utvalet presenterer kost-nytte-vurderingar som tidvis er noko påtrengande og der vurderingar av kva som er samfunnsøkonomisk lønsamt vert overordna. Vi meiner at ordvalet knytt til samfunnsøkonomiske tap og gevinstar er uheldig. Vi meiner at betre språkopplæring, meir gjennomført utdanning og høgare yrkesdeltaking særleg blant kvinner har store positive innverknader for integreringa, både for samfunnet og for den einskilde innvandrar, ikkje berre ut frå vurderingar av lønsemd og reine samfunnsøkonomiske kriterium.

Unio sluttar seg til formålet med utgreiinga som har vore å utvikle strategiar og tiltak som kan påverke og redusere skilnadene slik at ein kan oppnå større grad av resultatlikskap over tid. Utvalet har kartlagt skilnader i resultat innanfor utdanning, arbeid, levekår og politisk deltaking, og årsaka til desse skilnadene – for å utvikle strategiar og tiltak som kan redusere storleiken på avvika, slik at ein kan oppnå større grad av resultatlikskap over tid.

Unio er samd i at hovudstrategien for betre integrering må vere å motverke fråfall frå utdanning, å motverke låg yrkesdeltaking, låginntekt og fattigdom gjennom grunnleggjande kvalifisering, betre bruk av medbringa kompetanse og eit godt utdanningssystem som gjev læring for alle – slik at sysselsetjinga stig.

Utvalet meiner at mange av dagens tiltak i integreringspolitikken har låg effekt målt ved direkte overgang til arbeid. Utvalet gjer såleis framlegg om å styrke og utvide tiltak med god dokumentert effekt, medan ein bør redusere eller fjerne tiltak med låg effekt. Utvalet meiner at midla som ein disponerer i sektoren, må nyttast betre og smartare.

Unio er samd med at utvalet i at det er viktig å målrette tiltaka slik at dei vert treffsikre og at effekten blir optimal. Dette kan innebere at nokre tiltak vert reduserte og avvikla, at andre vert styrka og utvida og at nye tiltak opprettast.

Utvalet meiner at dei økonomiske og administrative konsekvensane av tiltaka i utgreiinga i hovudsak er små. Tiltaka vert i stor grad framstilt som informasjon, opplæring, kunnskapsutvikling og vidareutvikling av tiltak innanfor eksisterande budsjett. Det er tiltak som er ein del av det pågåande forbetningsarbeidet, som er omdisponeringar innanfor eksisterande økonomiske rammer og tiltak som inneber investeringar som kan medverke til økonomisk vekst og innsparing på andre budsjett. Utvalet reknar med at samfunnsøkonomiske tap knytt til investering i utdanning og tiltak for auka sysselsetting vil føre til samfunnsøkonomiske gevinstar som auka inntektsskatt og auka momsinntekter gjennom auka forbruk. Nokre tiltak vil innebere nye løyvingar, og vidare utgreiingar på nokre område vil også kunne utløyse kostnader.

Unio er samd med utvalet i at dei over 200 tiltaka som vert presenterte i utgreiinga vil ha ulike økonomiske og administrative konsekvensar. Kostnader på kort sikt vil kunne føre til innsparingar på lang sikt og i andre sektorar, og nokre av tiltaka vil kunne følgjast opp innanfor eksisterande rammer. Vi meiner likevel at utvalet i nokon grad underkommuniserer kostnadene av tiltaka. Som vi peika på i vår fråsegn til Østbergutvalet synest det også i denne utgreiinga som at administrative tiltak er kostnadsfrie. Men administrasjon har alltid ei kostnadsside, anten som ein direkte utgift eller som innverknad på andre arbeidsoppgåver.

Unio vil elles presisere at det over fleire år har vore større behov for opplæring av minoritetsspråklege barn og unge enn dei statlege overføringane gjev rom for. Tilsyn dokumenterer at kvaliteten på den særskilte norskopplæringa som minoritetsspråklege elevar får tilbod om, er mangelfull. Unio meiner dette kan skuldast uklart regelverk, svak regelverksforståing og manglande kompetanse, svak organisering og dårleg økonomi. Det same synest å gjelde for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Konsekvensen er at ein ikkje oppnår dei faglege resultata som fører til god integrering av innvandraranne. Statleg underbudsjettering fører også til lågare progresjon i oppfølginga av minoritetsspråklege. Unio meiner det er stort rom innanfor dagens lov- og regelverk til auka bruk av særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Unio finn det positivt at utvalet drøftar og tek sikte på avklaringar av omgrep og definisjonar knytt til arbeidet med integrering og inkludering. Unio er samd i at integrering handlar om kvalifisering, utdanning, arbeid, levekår, sosial mobilitet, innverknad på demokratiske prosessar, deltaking i sivilsamfunnet, tilhøyr, respekt for skilnader og lojalitet til felles verdiar. Unio er samstundes nøgd med utvalet sine vurderingar av omgrep som norsk, nordmann, etnisk norsk og norske verdiar – og når dei konkluderer med at det er mange måtar å vere norsk på.

Unio er nøgd med at utvalet går på tvers av den generelle problemforståinga i Noreg når det peikar på at innvandraranne her i landet er betre integrerte i arbeidsmarknaden enn innvandraranne i dei fleste OECD-land. Vi finn det vidare positivt at utvalet framstiller innvandraranne som ein ressurs og som ei svært samansett gruppe med store variasjonar og nyansar og der graden av integrering kan knyttast til mellom anna butid i Noreg, migrasjonshistorikk og utdanningssystemet sin posisjon i det landet ein kjem frå.

## **Kapittel 6 – Arbeid og sysselsetting**

Utvalet presenterer fleire alvorlege utfordringar: arbeidsløysa er tre gongar så høg og gjennomsnittleg arbeidsinntekt er mykje lågare blant innvandraranne enn blant innbyggjarane elles, sysselsette innvandraranne er ofte overkvalifiserte for den jobben dei har, innvandraranne har ofte yrke utan krav til utdanning, og dei opplever oftare enn andre diskriminering i arbeidslivet.

Unio meiner det er avgjerande å endre denne situasjonen og å redusere desse skilnadene dersom ein skal unngå eit meir klassesdelt samfunn etter etniske skiljeliner. Ein må auke ambisjonsnivået samstundes som verkemidla må betrast og styrkast.

Unio kan i hovudsak slutte seg til både målsetjingar, strategiar og tiltak i dette kapitlet. Vi sluttar oss til ei styrking av arbeidet mot sosial dumping, nye krav til aktivitets- og rapporteringsplikt og tettare individuell oppfølging og betre tilrettelegging, og særskilte tiltak overfor innvandrarkvinner.

Vi registrerer likevel at utvalet meiner det ikkje er noko problem ”i seg selv” med høg bukonsentrasjon av innvandraranne. Unio meiner at eit slik segregert oppvekstmiljø og medfølgjande segregerte skular, ikkje er gunstig for integreringa. Vi meiner utvalet på denne måten går utanom ei viktig vurdering av årsak og verknad i integreringsarbeidet. Unio stør framlegget om å auke barnetrygda og å avvikle kontantstøtta. Ei rekkje offentlege utgreiingar har dei siste åra rådd til at kontantstøtta vert fasa ut og avvikla.

Denne ordninga har klare negative konsekvensar for integreringsarbeidet. Ho motverkar høgare yrkesdeltaking av kvinner med innvandrarbakgrunn og den resulterer i lågare deltaking i barnehagen med mellom anna svakare språkutvikling som resultat. Unio konstaterer at regjeringa har vedteke ei omlegging av kontantstøtta i form av ei avvikling av ordninga for 2-åringar frå 2012 og med ei auke i støtta for dei yngste borna. Kontantstøtta marginaliserer barn med innvandrarbakgrunn frå familiar med låg sosial bakgrunn og forsterkar gjeldande sosial skeivskap i rekrutteringa til barnehagen. Unio meiner den beste løysinga ville ha vore å avvikle ordninga heilt.

Unio meiner at ein må vurdere å nytte alle ordningar som fører til betre integrering. Kvotering kan vere eit slikt verkemiddel. Samstundes er vi skeptiske til framlegget om å greie ut ei ordning med "arbeidsbetingede stønader."

Unio stør utvalet sitt framlegg om å gje innvandrarakar rett til å få vurdert medbringa kompetanse ved høgskule og universitet og rett til tilleggstudanning i regi av høgskule, universitet for personar som treng påbygging for å få godkjent utdanninga til bruk i Noreg.

Vi er samd med utvalet i at det bør vere eit kommunalt ansvar med statleg finansiering, å gje arbeidsinnvandrarakar som buset seg i Noreg og familieattforeining til desse gratis rett til grunnleggjande norskopplæring.

## **Kapittel 7 – Utdanning**

Det er i dag gjennomgåande og systematiske skilnader i utdanningssystemet mellom innvandrarakar og andre delar av innbyggjarane knytt til deltaking og resultat. På same tid er det merkbare skilnader basert på kor innvandrarakane kjem frå. Det er likevel ein klar tendens til todeling i innvandrargruppa: anten fell elevar med innvandrarbakgrunn frå i vidaregåande opplæring i større grad enn andre, eller dei fullfører høgare utdanning i større grad enn andre.

Unio vil framheve at slike skilnader ofte skuldast sosioøkonomiske forhold og at det difor er viktig å gripe fatt i desse forholda. Samstundes vil vi understreke at tidleg og heilscapeleg innsats på alle stadium i utdanninga er spesielt viktig for elevar med innvandrarbakgrunn.

Utvalet lanserer, som eit første overordna tiltak for eit meir inkluderande opplæringssystem, framlegg om å gjere ein heilscapeleg gjennomgang av opplæringslova i eit integreringsperspektiv, der lova vert vurdert opp mot introduksjonslova og diskrimineringslova. Utvalet strekar vidare under at læreplanar og pensum på alle nivå må ha eit tydeleg mangfaldsperspektiv.

Østbergutvalet peikar på noko av det same når dei uttalar at opplæringa er basert på "norske" kategoriar som kan gjere det vanskeleg for barn med innvandrarbakgrunn på delta i det faglege fellesskapet, samstundes som kompetansen deira ikkje vert synleggjort.

Unio vil rå til at det vert gjort ein slik gjennomgang av opplæringslova som utvalet skisserer. Vi syner elles til vår kommentar til Østbergutvalet si innstilling der vi peika på at læreplanen i morsmål for språklege minoritetar framstår som eit instrument for språkutviklinga i norsk, og ikkje legg opp til å handsame og utvikle kulturarven som ligg i morsmålsfaget. Framstillinga av formålet med dette faget skil seg klårt frå læreplanen i dei andre språkfaga. Unio vil såleis rå til at heile læreplanverket vert vurdert i eit mangfaldsperspektiv.

## Barnehagen

Unio stør utvalet si vurdering av at barnehagen er den beste og viktigaste arenaen for inkludering og språkutvikling i førskulealder. Med omsyn til kor stor verdi barnehagen har for språkutviklinga, er det grunn til uro over at ein så stor del av minoritetsspråklege barn ikkje tek del i eit organisert pedagogisk opplegg i førskulealder.

Vi vil også streke under verdien av alle barn si deltaking i felles prosjekt i og rundt barnehagen. Den mangfaldige barnekulturen og foreldra sine fellesinteresser for det barna gjer saman i barnehagen bør i sterkare grad løftast fram som integrerande krefter.

Barnehagen er dessutan eit viktig velferdstilbod som medverkar til sosial utjamning ved å gje foreldre høve til å ta lønna arbeid. Særleg er det klar samanheng mellom mødrer sin yrkesaktivitet og tilgangen på barnehageplass. Vi treng ein arbeidslivs- og familiepolitikk som stimulerer kvinner til yrkesaktivitet og menn til å nytte rettane sine som fedrar og omsorgspersonar. Kontantstøtta og høg foreldrebetaling er barrierar for å oppnå dette.

Unio er samd med utvalet i at kompetansen til personalet i barnehagen er den viktigaste føresetnaden for at barnehagen skal vere ein inkluderande arena for leik, omsorg, oppseding, læring og språkutvikling, og for å sikre god overgang frå barnehage til skule. Tilsette i barnehagen må sikrast tilstrekkeleg kompetanse til blant anna å kunne tilby språkstimulering til barn med innvandrarakgrunn.

Unio er usamd i framlegget om at det vert gjennomført tidleg og jamleg språktesting av alle barn i førskulealder, med påfølgjande rett og plikt til gratis språkstimulering for barn som ikkje meistrar norsk. Vi meiner ei slik individuell språkkartlegging av alle barnehagebarn/barn i førskulealder vil vere svært ressurskrevjande og lite tenleg ettersom majoriteten av barna ikkje har språkproblem eller forseinka språkutvikling. Vi meiner tilgjengelege ressursar kan nyttast meir effektivt og målretta dersom dei rettast inn mot barn med klare behov. Dei barna som dei fagleg tilsette i barnehagen vurderer har språklege problem, må fangast opp tidleg. Rettane må sikrast og tiltak må gjennomførast, eventuelt som spesialpedagogisk hjelp.

Både Østbergutvalet, Brenna-utvalet (NOU 2010:8) og fordelingsutvalet (NOU 2009:10) gjer framlegg om å utvide dagens forsøksordning med gratis kjernetid i barnehagen, men med noko ulike modellar. Unio er for gratis kjernetid på 20 timar for alle barn i barnehagen.

Vi syner til våre kommentarar til Østbergutvalet i høve til samarbeidet mellom heim og barnehage og fokuset på overgangar mellom barnehage og skule.

## Grunnskulen

Utvalet syner til at innvandrarelevar i grunnskulen gjennomgåande har høg innsats og stor motivasjon for læringsarbeidet. Samstundes er det signifikant skilnad på resultatata av nasjonale prøver og talet på grunnskulepoeng mellom innvandrarelevar og andre elevar, rett nok med store innbyrdes variasjonar.

Unio vil presisere at graden av integrering i utdanninga og graden av læringsutbyte må baserast på eit vidare og breiare perspektiv enn resultatata på nasjonale prøver og talet på grunnskulepoeng.

Unio sluttar seg likevel til framlegga til tiltak for grunnskulen. Vi stør at det utviklast særskilte innføringstilbod for elevar som innvandar rett før eller under skulegangen.

Denne ordninga bør vere lik i grunnskule og vidaregåande opplæring. Vi rår til at slike tilbod som hovudregel vert organisert på nærskulen. Vidare trengst det å rekruttere lærarar med fleispråkleg kompetanse og satsing på ikkje-vestlege framandspråk, og § 2-8 i opplæringslova må styrkast.

Med omsyn til retten til morsmåloplæring, syner vi til vår fråsegn til Østbergutvalet.

### Vidaregåande opplæring

Fråfall vert vurdert som den kanskje største utfordringa i vidaregåande opplæring. Årsakene til fråfall er mange og samansette, men handlar også om mangel på grunnleggjande dugleik i til dømes lesing og skrivning. Særleg er fråfallet stort blant gutar med innvandrarbakgrunn og ekstra stort i yrkesfaglege utdanningsprogram. Sjølv om det er sett i verk mange gode og konstruktive tiltak, er det mange som avsluttar vidaregåande opplæring utan yrkes- eller studiekompetanse.

Andre utfordringar, særleg for fag- og yrkesopplæringa, er talet på læreplassar, utstyrssituasjonen og rekruttering, særleg av yrkesfaglærarar med eit breitt fleirkulturelt grunnlag.

Unio stør dei skisserte tiltaka i utgreiinga. Den særskilde språkopplæringa for minoritetsspråklege elevar etter opplæringslova må styrkast, jf. § 3-12, jf. § 2-8.

Vi meiner at elevar som følgjer overgangsplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar må få vurdering med karakter etter denne planen når dei følgjer planen til fullført vidaregåande opplæring.

Unio meiner skuleverket har store utfordringar knytt til å leggje til rette for opplæring i eit mangfaldig elevfellesskap. Her er det behov for kompetanseutvikling på fleire område, ikkje minst i rådgjevingstenesta.

Unio er samd i at ein i større grad bør nytte modulbasert kompetansegivande opplæring og at det vert utvikla mentor-ordningar for elevar med innvandrarbakgrunn i lære i bedrift.

Unio sluttar seg ikkje til framlegget om lovfesta rett til læreplass. Vi meiner det må utviklast eit praksisbasert alternativ for dei som ikkje får læreplass. Vi rår til at det vert utvikla modellar som skulane kan tilby i tett samarbeid med lokalt arbeidsliv for ein periode på inntil to år.

### Høgre utdanning

Inkludering og integrering i høgre utdanning har vore omtalt som ei suksesshistorie. Biletet er samansett, det er store variasjonar mellom landgruppene og det er tydelege skilnader mellom institusjonane. Likevel er den delen som tek høgre utdanning klart høgare blant studentar med innvandrarbakgrunn enn for andre. Dette gjeld både mannlege og kvinnelege studentar, men døtrer av innvandrarar studerer mest av alle.

Unio stør utvalet når dei vil påleggje utdanningsinstitusjonane å utarbeide planar og strategiar for mangfaldig rekruttering. Dette bør gjelde både for studentar og tilsette.

Vi er også samd i at ein bør kartleggje deltaking og gjennomføringsgrad blant studentar med innvandrarbakgrunn.

## **Kapittel 8 – Voksenopplæring og grunnleggende kvalifisering av nyankomne innvandrere**

Det er Unio si vurdering at innføringa av introduksjonslova har vore eit stort steg framover i integreringsarbeidet for nykomne innvandrarak. Vi kan likevel slutte oss til utvalet sine vurderingar om at mange vaksne innvandrarak i vaksenopplæringa har for lågt læringsutbytte. Til dømes manglar mange grunnleggjande lese- og skrivedugleik og få kan dokumentere kva for kompetanse dei har i norsk. Vi veit også at tilbodet om grunnskuleopplæring for vaksne er mangelfullt i mange kommunar, og at under halvparten av norske kommunar har ein plan for korleis denne opplæringa skal organiserast.

Unio stør utvalet sitt framlegg om å nedsetje eit eige utval for å gjennomgå dagens opplæringstilbod for vaksne med innvandrarbakgrunn. Målet med eit slikt arbeid må vere å utvikle eit opplæringstilbod i samsvar med føresetnadene og behova til deltakarane knytt til familie- og arbeidsliv.

Det er også eit klart behov for auka kunnskap og dokumentasjon på området. Det vil også vere behov for tett oppfølging fram mot arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram.

Det er vidare eit behov for ei styrking av etter- og vidareutdanningstilbodet for lærarak i norskopplæringa. Samstundes vil ei meir arbeidsretta og yrkesretta norskopplæring vere eit godt tiltak, samt finansiering og tilrettelegging av bedriftsbasert norskopplæring, og auka bruk av ein kombinasjon av norskopplæring og arbeidstreningstilbod i regi av NAV.

Unio vil også rå til at ein styrkar finansieringa av fleire Ny Sjanse-prosjekt over heile landet. Vidare bør talet på plassar i Ny Sjanse aukast, med særleg prioritering av kvinner. Ein bør også utvikle samarbeidet mellom Ny Sjanse, introduksjonsprogrammet og kvalifiseringsprogrammet for utveksling av gode erfaringar og metodar.

## **Kapittel 9 – Bedre bruk av innvandrernes medbrakte kompetanse**

Eit sentralt mål i norsk integreringspolitikk er at alle innvandrarak skal medverke med sine ressursar i arbeidslivet og samfunnet elles. Dette inneber at alle innvandrarak må få uttelling for sin medbringa kompetanse slik at talet på innvandrarak med fagutdanning eller høgare utdanning og som nyttar utdanninga i arbeidet sitt, er den same som for andre grupper.

I dag er mange innvandrarak overkvalifiserte for den jobben dei utfører. Dette skuldast dels at dei ikkje får sin medbringa kompetanse godkjent, dels at dei vert tilsette i jobbar med lågare utdanningskrav, sjølv om kompetansen er godkjent.

Hovudstrategien bør vere å betre kartlegging og tilleggsutdanning slik at alle kan få kartlagt sin medbringa kompetanse, og ved behov få tilpassingskurs eller tilleggsutdanning for å tilpasse kompetansen til norske forhold. Unio stør at innvandrarak med høgare utdanning frå utlandet får rett til å få vurdert medbringa kompetanse ved høgskule eller universitet.

## **Kapittel 10 – Demokrati og deltakelse: formelle og uformelle integreringsarenaer**

Det er eit sentralt mål med integreringspolitikken i Noreg at innvandrarak skal delta og kunne påverke avgjerder i politikk og samfunnsliv i same grad som andre grupper i landet.

Utvalet har særleg fokus på valdeltakinga og deltaking og medverknad gjennom politiske parti, frivilljuge organisasjonar, fagrørsla og media.

Unio er samd i at potensialet for forbetring klart er til stades. Det er behov for større refleksjon og meir medvit rundt det kulturelle mangfaldet. Meir kunnskap, betre dokumentasjon og styrka informasjon kan vere nokre strategiar for forbetring.

### **Kapittel 11 – Fellesskap: verdier og konfliktløsning**

Alle samfunn treng eit visst sett av felles verdier for å oppretthalde samholdet. Dette vert enda viktigare når eit samfunn vert meir heterogent og mangfaldig. Tydelege verdier er også viktig for å fremje inkludering og integrering. Utfordringa ligg i å balansere mellom å respektere og vareta mangfald og individuelle rettar på den eine sida og å sikre felles mål og verdier på den andre sida.

Haldningsundersøkingar syner at grunnleggjande verdier vert delt både av personar med norsk bakgrunn og innvandrarbakgrunn. Integreringsbarometeret 2010 syner at det er seks verdier som minst 90 prosent av respondentane synest kjenneteiknar det norske samfunnet: ytringsfridom, demokrati, velferdsstaten, den norske grunnlova, likestilling mellom kjønna og religionsfridom.


Ei tilsvarande meningsmåling retta mot innvandrarar syner heilt samanfallande resultat som i meningsmålinga retta mot alle i landet: 90 prosent av innvandrarar meiner at demokrati, ytringsfridom og likestilling er viktige verdier. Dette står i klar kontrast til SSB si undersøking, der nesten åtte av ti meiner at det finst nokre grunnleggjande norske verdier, og ca. sju av ti meiner at desse verdiane og ikkje-vestlige innvandrarar sine verdier er svært ulike. Det er altså klart større semje om viktige verdier mellom innvandrarar og resten av innbyggjarane enn det mange synest å vere klar over.


Unio sluttar seg til mange av framlegga i kapitlet. Vi er samd i at det vert utvikla ein interaktiv og nettbasert rettleiar i verdi- og konfliktspørsmål, at Likestillings- og diskrimineringsombodet vert styrka, og at alle med permanent opphald i land bør ha rett og plikt til norskopplæring med samfunnskunnskap.

Vi synest også framlegget om ein ny verdiparagraf i Grunnlova er spennande. Paragrafen kan uttrykkje samfunnet sitt verdigrunnlag og korleis grunnlova sitt vern av menneskerettane kan verte meir tydeleg. Vi er også samde i at jubileet for allmenn røysterett i 2013 og grunnlovsjubileet i 2014 kan nyttast til ei nasjonal mobilisering for inkludering og mot rasisme, antisemittisme og islamofobi.

Unio vil på generelt grunnlag støtte alle konstruktive framlegg som styrkar integreringa av det norske samfunnet. Utvalet sine drøftingar om røysteplikt og høvet til dobbelt statsborgarskap må vurderast i lys av ønsket om optimal integrering. Derimot er vi skeptiske til å innføre ein eigen statsborgarskapsprøve som dokumenterer grunnleggjande kunnskap i norsk og kjennskap til norske forhold som vilkår for å få godkjent norsk statsborgarskap. Vi rår til at noverande ordning vert vidareført.

Med helsing

Unio  
  
Ingerd Hovdenakk  
sekretariatssjef

  
Lars Holmer-Hoven  
seniorrådgjevar